




## Referat

Møte i underutvalget for Voss lokalsjukehusområde

<b>Dato og tidspunkt:</b>	30.11.2021, 10.00-12:00
<b>Møtestad:</b>	Ulvik omsorgstun
<b>Møteleiar:</b>	Siw Marlene Bolstad
<b>Til stades:</b>	<p><b>Voss:</b> Tove Iren Vedå</p> <p><b>Voss sjukehus:</b> Madeleine B. Skjelde Sissel Marie Finne: Medisinsk sengepost Ruth Veen Tveito: Kirurgisk sengepost</p> <p><b>Ulvik:</b> Siw-Marlene Bolstad</p> <p><b>Eidfjord:</b> Margunn Læg Reid (via teams)</p>
<b>Fråfall utan vara:</b>	<p><b>Vaksdal:</b> Sigrunn Stamnes Vik</p> <p><b>Kvam:</b> Elfrid Oma</p>
<b>Referent:</b>	Siw Marlene Bolstad

<b>Nr.</b>	<b>Saksliste</b>	<b>Sakstype</b> <i>(Vedtak Drøfting Orientering)</i>	<b>Vedlegg</b>
17/21	<b>Godkjenning av innkalling og saksliste</b> <i>Samrøystes vedtak: Underutvalet for pleie og omsorg godkjenner innkalling og saksliste med innmeldte saker 30.11.21</i>	V	Saksliste
18/21	<b>Godkjenning av referat frå møte i underutvalet 21.10.21.</b> <i>Samrøystes vedtak: Underutvalet for pleie og omsorg godkjenner referatet frå møte 05.10.21</i>	V	Referat

19/21	<p><b>Informasjon om prosjekt relatert til ernæring på tvers av tjenestene. Ved prosjektleder i Ulvik og Eidfjord; Kristin Røen Fauske.</b></p> <p>Kristin informerer kjapt om eit prosjekt som er i startfasen, som går på kvalitetsforbetring innan ernæring mellom spesialisthelsetenesta og kommunane. Målet med prosjektet er å finne gode løysingar for korleis ein betre og på ein grundigare måte kan overføre viktige opplysningar angående ernæring. Mogeleg det vert implementert i journalsystem, i inn/utskrivingsrapportane. No er dei litt for «frie» i teksten.</p> <p>Sjukehuset fortel at dei screenar alle pasientar og koplar inn KEF ved behov. Det vert ført rekneskap på kaloriinntak og væske mengde. Dersom ein pasient har vorte kopla opp mot KEF, skal det vere med i utskrivingsrapport. Sjukehuset anbefalar prosjektgruppa å snakke med ein av KEF knytt til helse Bergen, for innspel.</p> <p>Det kjem ei ny nasjonal retningslinje for ernæring over nyttår.</p> <p>Det vert spurt om nokon kommunar ynskjer å vere pilot for prosjektet. Tove Iren vil sjekke om Voss kan vere det.</p> <p>Det vert lagt ved slides frå presentasjonen til Kristin.</p>  <p>Samhandlingssak - presentasjon til under</p>	O	
20/21	<p><b>Samarbeid/ samhandling om inn- og utskrivning av pasientar mellom kommunane og Voss sjukehus etter avtale.</b></p> <p><b>Voss:</b> Tove Iren les opp svar til sjukehuset frå leiinga ved Rehabiliteringsavdelinga på Hagahaugen, angående kommunal rehabilitering av innlagte pasientar. Svaret vert sendt til Madeleine i etterkant av møtet. Tove Iren informerer vidare om at Hagahaugen per i dag har 10 rehabiliteringsplassar, men ynskjer å auke til 22 plassar neste år. Det vert lagt vekt på betre og auka samarbeid med sjukehuset.</p> <p>Det vert vidare diskutert angående informasjonsflyt i dialogmeldingar mellom sjukehuset og Voss herad. Sjukehuset ynskjer meir informasjon frå heradet si side,</p>	D	

	<p>angående pasientane. Sjukehuset opplev at det ofte kjem «Melding motteke» i staden for opplysningar om pasienten.</p> <p>Elles opplev Voss god kommunikasjon med sjukehuset. Dei presiserer at dei har opplevd at pasientar har vorte lova institusjonsplass i heradet frå sjukehuset, og at heradet ikkje kan imøtekoma dette. Det er uheldig for alle partar, og heradet ynskjer at dette ikkje skjer.</p> <p><b>Eidfjord:</b> Tykkjer kommunikasjonen er god inn mot utskrivning av pasientar. Dei presiserer å ynskja at sjukehuset melder i frå så tidleg som mogeleg om utskrivning mot helg.</p> <p><b>Ulvik:</b> Opplev stort sett god dialog. Ber sjukehuset sende e-meldingar til sjukepleieteneste og ikkje saksbehandlarjournal. Det gjer det lettare for sjukepleiarane å finne meldingane og å få opplysningane inn i tenestejournalen.</p>		
21/21	<p><b>Aktuelle driftsendringar i kommunane/ sjukehuset som kan få konsekvensar for samhandlinga</b></p> <p><b>Voss:</b> Tove Iren fortel at avdelingsleiarar på institusjonane i heradet no skal kunne saksbehandle sjølve, men at det er litt att å gå på med tanke på opplæring. Tove Iren fortel at det er mangel på fagpersonell i mange avdelingar i Voss herad.</p> <p><b>Eidfjord:</b> Fortel at dei nye omsorgsboligane dei har i tilknytning til nye sjukeheimen, er ei god avlastning for heimetenesta.</p> <p><b>Ulvik:</b> Ingen driftsendringar så langt. Arbeider fortsatt med å kome i «hus» etter flytting og utfordringar knytt til koronapandemien. Flytta inn 04.12.19, stengte ned mars 2020. Det har vore uheldig og ein ser at det er utfordrande og tidkrevjande å flytte og å kome i gang i nytt hus.</p> <p><b>Sjukehuset:</b> Madeleine fortel at dei nye planane med Konsept Nye Voss 2035 gjer at legevakta truleg skal ut av dei lokala som dei no er i. Dette er det ein prosess på, saman med kommunane . Sjukehuset har opplevd god samhandling og samarbeid med Haukeland Universitetssjukehus under koronapandemien.</p>	D/O	

	Kirurgisk avdeling opplev ei høgare turnover enn det dei tidlegare har gjort. Fleire av personalet skal gå av med pensjon og nokon skal ta vidareutdanning.		
22/21	<p>Ymse</p> <p><b>Voss:</b> Fortel at det er gjort eit politisk vedtak om å ikkje byggje kjøkken ved Voss sjukeheim. Det vert bygd eitt på Vetleflaten.</p> <p><b>Møtedatoar for 2022 (førebers digitalt på Teams):</b></p> <p><b>08.02, 10.05, 13.09, 29.11.</b></p>	0	

Siw Marlene Bolstad  
 Avdelingsleiar Ulvik Herad, avd omsorg.